

## RUNDSKRIV FOR TILSKOTSORDNING

Rundskriv nr. 05-2022

# Tilskotsordning for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar for 2022 (INTRODUKSJONSLOVA)

## 1. Innleiing

Rundskrivet er utarbeidd av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) og er basert på retningslinjer for tilskotsordninga på kap. 292, post 60, fastsett av Arbeids – og inkluderingsdepartementet 01.01.2022, i samsvar med § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og kapittel 6 i Bestemmelser om økonomistyring i staten.

Tilskotsordninga skal bidra til overgangen til arbeid og/eller utdanning for innvandrarar.

For personar som kom inn i målgruppa før 01.01.2021, gjeld framleis introduksjonslova.<sup>1</sup>

Tilskotsordninga består av persontilskot og grunntilskot.

IMDI er ansvarleg for forvaltninga av tilskotsordninga.

## 2. Mål og målgruppe for tilskotsordninga

### 2.1. Målformulering

Målet med persontilskotet er at vaksne innvandrarar gjennomfører til saman 600 timer opplæring i norsk og samfunnskunnskap og prøver i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova kapittel 4<sup>2</sup> og oppdraget frå departementet til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse om tilrettelegging og gjennomføring av prøver.

Persontilskotet skal bidra til at kommunane gjennomfører opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, slik at dei lærer tilstrekkeleg norsk til å kunne fungere i yrkes- og samfunnslivet. Tilskotet skal også gå til gjennomføring av prøver i norsk og samfunnskunnskap. Det skal gjennomførast minst to prøveperiodar i året, og inntil fire etter ei konkret behovsvurdering.

Målet med grunntilskotet er å betre dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar når det gjeld opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

### 2.2. Tilskotsmottakarar

Tilskotsmottakarane er kommunar.

### 2.3. Målgruppe

Utlendingar mellom 16 og 67 år som har fått eitt av følgande opphaldsløyve frå 1. januar til 31. desember 2020, og som kom til Noreg før 1. januar 2021:

- opphaldsløyve etter utlendingslova som gir grunnlag for permanent opphaldsløyve

<sup>1</sup> Jf. integreringsforskrifta § 72 andre ledd.

<sup>2</sup> Jf. lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere.

- kollektivt vern i ein massefluktsituasjon etter utlendingslova § 34
- avgrensa opphaldsløyve som medlem av ein barnefamilie i påvente av dokumentert identitet etter utlendingslova § 38 femte ledd bokstav a eller b
- avgrensa opphaldsløyve som einsleg mindreårig i påvente av dokumentert identitet etter utlendingslova § 38 femte ledd bokstav a eller b

### **3. Kriterium for måloppnåing**

Vaksne innvandrar som har rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap, gjennomfører opplæringa og avlegg prøver.

### **4. Tidelingskriterium, mellom anna berekningsreglar**

Vilkår, berekningsreglar og informasjon om utbetaling av persontilskot (4.1) og grunntilskot (4.2)

#### **4.1. Persontilskot**

##### *4.1.1. Vilkår for å få støtte*

Basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) blir tilskotet utbetalt automatisk til tilskotsmottakarane.

For personar som er i målgruppa, og som bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til vertskommunen for mottaket. For personar som er i målgruppa, og som ikkje bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. Det er den folkeregistrerte adressa til den enkelte personen som avgjer kva som er bustadkommunen.

Kommunen må registrere vedtak om opplæring i norsk og samfunnskunnskap, vedtak om behovsprøvd norskopplæring eller vedtak om fritak frå plikt i NIR for at tilskotet skal bli utbetalt.

Dersom ein tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot, men ikkje fått det utbetalt, kan vedkommande melde frå om det til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett.

##### *4.1.2. Berekningsreglar*

Inngangen til målgruppa er ved innvilga opphaldsløyve som gir rett og plikt. For personar som har fått innvilga opphaldsløyve før innreise, er det ankomst til Noreg som er inngangen til målgruppa. For personar som har eit avgrensa opphaldsløyve som medlem av ein barnefamilie eller einsleg mindreårig, er inngangen til målgruppa ved førstegongs fornying av opphaldsløyvet.

Utbetaling av persontilskot skjer over maksimalt tre år. For enkelte personar kan den totale tilskotsperioden vere under tre år. Det gjeld personar som er under 16 år ved innvilga førstegongs opphaldsløyve som gir grunnlag for permanent opphaldsløyve, men som fyller 16 år innan tre år. Det gjeld også for personar som går frå berre å ha plikt til å ha rett og plikt til opplæring i norsk og samfunnskunnskap innan tre år frå innvilga førstegongs opphaldsløyve som gir grunnlag for permanent opphaldsløyve.

##### *4.1.2.1 Utbetaling av persontilskot*

For personar som kom inn i målgruppa i 2020, blir persontilskotet år 3 utbetalt basert på bustadadressa som er registrert i NIR 15. januar 2022. For personar som kom inn i målgruppa i 2021 (og 2022) gjelder integreringslova. Se rundskriv nr. 04-2022.

Persontilskot har éin låg sats<sup>3</sup> og éin høg sats<sup>4</sup>, avhengig av kva land personen kjem frå. Tabellen under viser satsane for 2022. «Tilskotsår» indikerer året da personen kom inn i målgruppa.

## SATSAR FOR PERSONTILSKOT FOR 2022

| Tilskotsår                | Låg sats                                     | Høg sats      |
|---------------------------|--|---------------|
| Persontilskot år 1 (2022) |  |               |
| Persontilskot år 2 (2021) | Sjå rundskriv nr. 04-2022 (integreringslova) |               |
| Persontilskot år 3 (2020) | 17 200 kroner                                | 49 100 kroner |

Tabellen under viser utbetalingsdatoar av tilskot i 2022 i samsvar med introduksjonslova.

## UTBETALING AV PERSONTILSKOT I 2022

| Tilskotstype       | Tentativ<br>utbetalingsdato | Utbetalinga gjeld                       |
|--------------------|-----------------------------|---|
| Persontilskot år 3 | Veke 11                     | Personar som kom inn i målgruppa i 2020 |

Etter utbetaling av tilskotet sender IMDi tilskotsbrev til det elektroniske postmottaket til kommunen. Kommunen kan også sjå opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

### 4.1.2.2 Tilskot til annan opplæringskommune

Ein person kan få opplæring i norsk og samfunnskunnskap i ein annan kommune enn bustadkommunen. Dersom ein annan opplæringskommune skal få utbetalt persontilskot for denne personen, må bustadkommunen ta kontakt med IMDi via Kontaktsenter for IMDinett for å få dette registrert i NIR.

### 4.1.2.3 Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom ein person som er i målgruppa, flyttar mellom kommunar, må vedkommande melde frå om flyttinga til Skatteetaten for at adressa skal bli oppdatert i Folkeregisteret og tilskotet bli delt mellom til- og fråflyttingskommunen. Personen har plikt til å melde frå om denne adresseendringa innan åtte dagar etter flyttinga.<sup>5</sup>

Tilskotet blir delt forholdsmessig mellom til- og fråflyttingskommunen, basert på butida i den enkelte kommunen. Kommunen der personen har budd lengst i løpet av tilskotsåret, vil få den største andelen av tilskotet. Formelen under viser berekninga av tilskot til kommune  $X$  for tilskotsår  $i$ :

$$\text{Tilskot til kommune } X = \text{Sats for tilskotsår } i \times \left( \frac{\text{Butidsdagar i kommune } X \text{ i tilskotsår } i}{\text{Sum butidsdagar i ulike kommunar i tilskotsår } i} \right)$$

Berekninga for deling av tilskot gjeld for persontilskot både år 1 (for 2020 eller tidlegare), år 2 og år 3.

<sup>3</sup> Låg sats gjeld for personar frå Vest-Europa, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.

<sup>4</sup> Høg sats gjeld for personar frå Afrika, Asia, Oseania (bortsett frå Australia og New Zealand), Aust-Europa, Sør-Amerika og Mellom-Amerika.

<sup>5</sup> Jf. folkeregistreringslova § 6-1.

#### *4.1.2.4 Tilstot ved utreise og tilskot ved tilbakekomst til landet*

Dersom ein person i målgruppa flyttar frå landet, beheld kommunen tilskotet som er utbetalt det året personen forlét landet. Deretter stansar utbetalinga. Dersom den same personen seinare vender tilbake til landet, vil tilskotsordninga starte opp igjen dersom vedkommande framleis tilhører målgruppa.

#### *4.1.2.5 Tilstot ved dødsfall*

Ved dødsfall beheld kommunen heile tilskotet som er utbetalt i dødsåret. Deretter stansar utbetalinga.

### **4.2. Grunntilskot**

#### *4.2.1. Vilkår for tildeling*

Basert på data i NIR blir tilskotet utbetalt automatisk til tilskotsmottakarane.

For personar som er i målgruppa, og som bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til vertskommunen for mottaket. For personar som er i målgruppa, og som ikkje bur i mottak, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. Det er den folkeregistrerte adressa til den enkelte personen som avgjer kva som er bustadkommunen.

Dersom kommunen meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan kommunen melde frå om dette til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett.

#### *4.2.2. Berekningsreglar*

Inngangen til målgruppa for tilskotet er ved innvilga førstegongs opphaldsløyve som gir grunnlag for permanent opphaldsløyve.<sup>6</sup>

Ein person kan vere med i berekninga av grunntilskot i maksimalt tre år.

#### *4.2.3. Utbetaling av grunntilskot*

Kommunar med 1–150 personar i målgruppa per 15. januar 2022 vil få utbetalt grunntilskot.

Utbetalinga skjer årleg og vil i 2022 bli utbetalt i veke 4. Grunntilskotet har to satsar – éin høg sats som blir utbetalt til kommunar med 4–150 personar i målgruppa, og éin låg sats som blir utbetalt til kommunar med 1–3 personar i målgruppa. Målgruppa utgjer summen av deltakarar etter begge lovverka. Sjå tabellen under for årets satsar.

#### SATSAR FOR GRUNNTILSKOT FOR 2022

| Tilskotsår        | Låg sats       | Høg sats       |
|-------------------|----------------|----------------|
| Grunntilskot 2022 | 211 000 kroner | 626 200 kroner |

Etter utbetaling av grunntilskot sender IMDi tilskotsbrev til det elektroniske postmottaket til kommunen. Kommunen kan også sjå opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

### **5. Oppfølging og kontroll**

Opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre, følge opp og evaluere opplæring i norsk og samfunnskunnskap i samsvar med introduksjonslova, skal registrerast av kommunen i NIR.<sup>7</sup> I forskrift om behandling av personopplysninger etter introduksjonsloven er det fastsett kva for

<sup>6</sup> For personar som har eit avgrens opphaldsløyve som medlem av ein barnefamilie eller som einsleg mindreårig, er inngangen til målgruppa for tilskotet ved første gongs fornying av opphaldsløyvet.

<sup>7</sup> Jf. introduksjonslova § 25 bokstav a.

opplysningars kommunen skal registrere. Kommunen skal registrere desse opplysningane innan to månader.

Kommunen skal ikkje legge fram ein særskild rekneskap for tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Dersom kommunen gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har mottatt, kan kommunen behalde tilskotet.

IMDI og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadene.<sup>8 9</sup>

## 6. Feilaktige utbetalingar

Dersom ein kommune har fått utbetalt for mykje i tilskot, kan IMDI krevje tilbakebetalt det overskytande beløpet i tråd med ulovfesta reglar om *condictio indebiti*. IMDI har rett til å motrekne det overskytande beløpet med nye utbetalingar av tilskot til kommunen.

## 7. Klagereglar

IMDis tildeling av tilskot i samsvar med denne tilskotsordninga er ikkje å rekne som enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2. Det vil seie at føreseggnene i forvaltningslova kapitla IV til VI ikkje kjem til bruk, jf. forvaltningslova § 3. Kommunane har derfor ikkje klagerett. Elles gjeld reglane i forvaltningslova, for eksempel reglar om habilitet og alminnelege reglar om saksbehandlinga.

## 8. Foreldingsfrist

Når eit tilskotskrav er forelda, taper kommunen retten til å krevje tilskotet utbetalt.<sup>10</sup> Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje å få tilskotet utbetalt.<sup>11</sup>

Dersom IMDi har eit forelda tilbakebetalingskrav mot kommunen, vil det forelda kravet kunne motrekna med nye utbetalingar.<sup>12</sup>

## 9. Kontakt IMDi

Eventuelle spørsmål kan meldast til IMDi i supportsystemet Kontaktsenter for IMDinett.

---

<sup>8</sup> Jf. løvvingsreglementet § 10 andre ledd.

<sup>9</sup> Jf. riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

<sup>10</sup> Jf. foreldingslova § 24.

<sup>11</sup> Jf. foreldingslova §§ 2 og 3 nr. 1.

<sup>12</sup> Jf. foreldingslova § 26 bokstav b.